

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 07.04.2015

Vår ref.: 201500861-5 , 201107538-13, 201205185-7,
201300133-6, 201300163-8, 201300169-9, 201400001-8

/ ksk

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Henrik Langbråten

22959418/hela@nve.no

Fleire søkjarar – Søknad om løyve til å bygge sju småkraftverk i Bygland, Bykle og Valle kommunar i Aust Agder fylke – høyring

NVE har motteke søknadar frå fleire søkjarar om løyve til å bygge 7 småkraftverk i Bygland, Bykle og Valle kommunar. Søknadane skal bli handsama samtidig og samla belastning for området skal vurderast. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men og alle sakane samla.

Bygland kommune:

Melefallet II småkraftverk – Melefallet AS

Melefallet II kraftverk vil forlenge røyrkata, bygge eit nytt inntak og bygge på kraftstasjonsbygget for Melefallet minikraftverk i Meleåni. Det nye kraftverket vil nytte eit fall på 75 m frå inntaket på 279 moh. til kraftstasjonen på 204 moh. Tilløpsrøret blir 1080 meter langt og er planlagt nedgrave på heile strekninga. Middelvassføringa er 988 l/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukevne på 2470 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,6 MW, noko som vil gje ein årleg produksjon på 4,02 GWh. Utbygginga vil føre til ein redusert vassføring på ei 1080 m lang elvestrekning i Meleåni. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 30 l/s heile året.

Bykle kommune:

Tveiteråni kraftverk – Clemens Kraft AS

Tveiteråni kraftverk vil nytte eit fall på 170,5 m frå inntaket på 801 moh til kraftstasjonen på 634,5 moh. Tilløpsrøret blir 1700 meter langt og er planlagt nedgrave på heile strekninga. Det må byggast ny permanent veg for tilkomst til kraftstasjonen på 350 m. Det vil og byggast ein midlertidig veg langs røyrkata opp til vassinntaket. Middelvassføringa er 494 l/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukevne på 1360 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,9 MW, noko som vil gje ein årleg produksjon på 4,11 GWh. Utbygginga vil føre til ein redusert vassføring på ei 1900 m lang elvestrekning i Tveiteråni. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 30 l/s heile året.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Veringsåe kraftverk – Veringsåe Kraft AS

Veringsåe kraftverk vil nytte eit fall på 56 m frå inntaket på 910 moh. til kraftstasjonen på 854 moh. Tilløpsrøret blir 580 meter langt og er planlagt nedgrave på heile strekninga. Det må byggast ny permanent veg for tilkomst til kraftstasjonen på 300 m. Det vil og byggast ein midlertidig veg langs røyrkata opp til vassinntaket. Middelvassføringa er 1750 l/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukevne på 4000 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 1,83 MW, noko som vil gje ein årleg produksjon på 5,42 GWh. Utbygginga vil føre til ein redusert vassføring på ei 600 m lang elvestrekning i Veringsåe. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 206 l/s om sommaren og 52 l/s resten av året.

Valle kommune:

Bjørnvatn kraftverk – Clemens Kraft AS

Bjørnvatn kraftverk vil nytte eit fall på 83 m frå inntaket på kote 764 til kraftstasjonen på 681 moh. Tilløpsrøret blir 1100 meter langt og er planlagt nedgrave på heile strekninga. Det må byggast ny permanent veg for tilkomst til kraftstasjonen. Det vil og byggast ein midlertidig veg langs røyrkata opp til vassinntaket. Middelvassføringa er 933 l/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukevne på 541 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,0 MW, noko som vil gje ein årleg produksjon på 6,2 GWh. Utbygginga vil føre til ein redusert vassføring på ei 1240 m lang elvestrekning i Vasstøylsåni. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 190 l/s om sommaren og 50 l/s resten av året.

Uppstad kraftverk – Uppstad Kraftverk AS

Uppstad kraftverk vil nytte eit fall på 224 m frå inntaket på kote 820 til kraftstasjonen på kote 596. Tilløpsrøret blir 1100 meter langt og er planlagt nedgrave på heile strekninga. Det går ein permanent veg til planlagt kraftstasjon. Det vil og byggast ein midlertidig veg langs røyrkata opp til vassinntaket. Middelvassføringa er 1560 l/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukevne på 3100 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,994 MW, noko som vil gje ein årleg produksjon på 5,71 GWh. Utbygginga vil føre til ein redusert vassføring på ei 680 m lang elvestrekning i Håvestøylåne. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 75 l/s heile året.

Flårendsfossen kraftverk – Otra Kraft AS

Flårendsfossen kraftverk er eit elvekraftverk som vil utnytte eksisterande minstevassføring i Otra. Kraftverket vil nytte et fall på 18 m frå inntaket i eksisterande betongterskel på kote 275 til kraftstasjonen på kote 257. Tilløpsrøret blir 950 meter langt og er planlagt som ein tunell på heile strekninga. Tilkomst til inntaket vil skje via båt frå Floren. Eksisterande privatveg til skytebana på Hovet er planlagt forlenga ca. 60 m frem til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 10,8 m³/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukevne på 20 m³/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 2,9 MW, noko som vil gje ein årleg produksjon på 10,6 GWh. Utbygginga vil føre til ein redusert vassføring på ei 1000 m lang elvestrekning. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 100 l/s heile året.

Straume kraftverk – Straume Kraftverk AS

Straume kraftverk vil nytte eit fall på 402 m frå inntaket på kote 653 til kraftstasjonen på kote 251. Det er søkt om å regulere Svartetjørn 2 m mellom kote 651 og kote 653. Tilløpsrøret blir 2500 meter langt og er planlagt nedgrave på heile strekninga. Det vil bli behov for ein ca. 250 m lang permanent veg inn til inntaket. Eksisterande veg kan nyttas som tilkomst til kraftstasjonen. Middelvassføringa er 510 l/s, og

kraftverket er planlagt med ei maksimal slukevne på 994 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 4 MW, noko som vil gje ein årleg produksjon på ca. 11,7 GWh. Utbygginga vil føre til ein redusert vassføring på ei 2500 m lang elvestrekning i Kvernåni. Det er søkt om slepp av ei minstevassføring på 43 l/s heile året.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av kraftverka med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden skal òg vurderast etter «forskrift om konsekvensutredningar etter sektorlover». Søknadane med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

NVE ber kommunane leggje to eksemplar av søknadene ut til offentleg ettersyn på Hovden Grendehus i Bykle kommune, Rådhuset i Bygland kommune og Rådhuset i Valle kommune fram til **07.07.2015**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **07.07.2015**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidas eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

Øystein Grundt
seksjonssjef

Henrik Langbråten
avdelingsingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kunngjering

Orientering til høyringspartane

Kart

Mottakerliste:

Agder Energi Nett AS
Aust-Agder fylkeskommune



Aust-Agder turistforening
BNTurbin a.s v/Ketil Nereng
Bygland kommune
Bykle kommune
Clemens Kraft AS
Direktoratet for Mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
DNT- sør
Fortidsminneforeningen i Aust-Agder
Forum for natur og friluftsliv Agder
Fylkesmannen i Aust-Agder
Melefallet AS
Naturvernforbundet i Aust-Agder
NJFF - Aust-Agder
Norsk Ornitologisk Forening, avd. Aust-Agder
Otra Kraft DA
Statens vegvesen - Region sør
Statnett SF
Straume kraftverk
Uppstad Kraftverk AS
Valle kommune
Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane
Villreinnemnda for Setesdalsområdet